

Møteprotokoll

Utval: Naustdal-Gjengedal verneområdestyre
Møtestad: Førde hotell, Førde
Dato: 11.09.2020
Tidspunkt: 10:00 – 13:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Karoline Bjerkeset	Leiar	Gloppen
Marius Dalin	Nestleiar	Sunnfjord
Trude Brosvik	Medlem	Vestland

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Sverre Sæten	Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 20/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 21/20	Signering av protokoll frå førre møte		
RS 6/20	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Orienteringssaker styremøte 3/2020		2019/4183
RS 7/20	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - status på tiltak og tiltaksmidlar		2019/4173
ST 22/20	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - fornyng av løyve til løypekøyning Vonavatnet - Fosselvekråna		2020/10531
ST 23/20	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - kommunikasjonsplan		2020/13235
ST 24/20	Eventuelt		

ST 20/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 11.09.2020

Vedtak ST 20/20

Innkalling og sakliste vart godkjent

ST 21/20 Signering av protokoll frå førre møte

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 11.09.2020

Vedtak ST 21/20

Protokollane frå styremøte 1/2020 og 2/2020 vart signert

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	6/20	11.09.2020

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Orienteringssaker styremøte 3/2020

Delegerte løyve sidan førre møte:

- Rakel Rygg Wilke har fått løyve til å bruke motorbåt på Traudalsvatnet i samband med transport av material
- Håkon Hjelle Roset har fått løyve til å bruke motorbåt på Langedalsvatnet i samband med transport av material
- Marius Ness har fått løyve til å lande med helikopter ved stølen Nesrimma i Naustdal i samband med transport av material
- Nordfjord folkehøgskule har fått løyve til å ha teltleir ved Storevatnet i Gjengedal 26-27.august

Korona

På forvaltningsknutepunktet og hjå Fylkesmannen er situasjonen meir eller mindre tilbake til normalen. Vi skal jobbe frå kontoret som normalt og vi har starta opp att med interne møter og samlingar. Dei siste månadane har likevel lært oss at mange møter og anna arbeid kan ordnast digitalt og man kan effektivisere arbeidstid og spare reisekostnadar på den måten.

Driftsbudsjettet til styret

Styret har 110.000 i driftsbudsjett i 2020. Vi har til no berre brukt om lag 50.000 av desse. Sidan vi har hatt eit par møte på Skype/Teams, so har vi spart litt pengar der og vi har rikeleg å «gå på» i andre halvår.

Styremedlemmene har ikkje sendt inn alle krav om dei møtegodtgjerdslene de har rett på, so vi kan ha noko «etterslep» her.

Tillegg til orienteringssakene:

Delegert løyve:

Fitje Sameige fekk løyve til å filme med drone ved Fitjestøylen. Føremålet med filminga er å dokumentere flaumskader i elva etter ekstremnedbøren i juli 2019.

Vedtak RS 6/20

Styret tok orienteringssakene til vitande

Arkivsaksnr: 2019/4173-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 31.08.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	7/20	11.09.2020

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - status på tiltak og tiltaksmidler

Vedlagt ligg oversikt som syner status på dei ulike tiltaka/prosjekta og bruken av midlar.

Generelt sett kan eg seie at vi ligg særst godt an i år. Mange av tiltaka er ferdig utførst og ein del ferdig utbetalt og. So har vi ein del tiltak kor vi har skrive avtale med grunneigarlag og dei jobbar innanfor ei ramme. Her veit vi ikkje heilt stoda, men normalt sett utfører dei arbeid for heile den avtalte ramma.

Vi har sett av 100.000 til fjerning av gran, og gått ut med tilbod til grunneigarar om at dei kan fjerne gran på eigen grunn (eller andre sin kor dei får løyve) og få betalt for dette. Til no er det berre ein grunneigar i Naustdal som har meldt i frå om at han vil hogge. Her vil vi nok derfor berre bruke rundt 10.000.

Vi skal ikkje sette opp nye informasjonsskilt i år, men vi har fått klarsignal frå Miljødirektoratet til å lage nye plakatar og montere dei på rammene til dei gamle informasjonsskilta. Midlar vi får til overs i haust kan vi kanskje bruke til å bestille eit høveleg tal nye plakatar. Det står 14 av dei gamle plakatan i innfallsportar rundt verneområdet og dei fleste av desse er modne for utskifting. Rammene dei heng på er derimot i bra stand, men dei treng helst litt beising.

Vedtak RS 7/20

Styret tok orienteringa til vitande.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	22/20	11.09.2020

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - fornying av løyve til løypekøyring Vonavatnet - Fosselvekråna

Vedtak ST 22/20

Instedalen skianlegg As får løyve til å køyre opp skiløype med snøskuter frå Vonavatnet og inn til Fosselvekråna. Løyvet gjeld frå 1. januar til og 1.april i åra 2021 til 2024.

Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 første ledd.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet skal vere med under køyring.
- Løyvet gjeld for køyring inntil ein gong i veka.
- Søkjar er sjølv ansvarleg for naudsynte løyver frå grunneigarar og kommunen.
- På sundagar og heilagdagar skal det ikkje køyrast i tida frå kl 10 til kl 16.
- I etterkant av kvar sesong skal det sendast rapport over køyringa til verneområdeforvaltar.
- Statens naturoppsyn kan stogge køyring dersom omsynet til villrein krev det.

Søknad om å køyre skiløype inn til Longevasshytta vert avslått.

Innstilling frå forvaltar

Instedalen skianlegg As får løyve til å køyre opp skiløype med snøskuter frå Vonavatnet og inn til Fosselvekråna. Løyvet gjeld frå 1. januar til og med 2. påskedag i åra 2021 til 2024. Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 første ledd.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet skal vere med under køyring.
- Søkjar er sjølv ansvarleg for naudsynte løyver frå grunneigarar og kommunen.
- I helgar og på heilagdagar skal løypekøyringa vere gjennomført innan kl 11.00.
- I etterkant av kvar sesong skal det sendast rapport over køyringa til verneområdeforvaltar.
- Statens naturoppsyn kan stogge køyring dersom omsynet til villrein krev det.

Søknad om å køyre skiløype inn til Longevasshytta vert avslått.

Handsaming i møtet:

Framlegg frå styreleiar:

Instedalen skianlegg As får løyve til å køyre opp skiløype med snøskuter frå Vonavatnet og inn til Fosselvekråna. Løyvet gjeld frå 1. januar til og 1.april i åra 2021 til 2024.

Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 første ledd.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet skal vere med under køyring.
- Løyvet gjeld for køyring inntil ein gong i veka.
- Søkjar er sjølv ansvarleg for naudsynte løyver frå grunneigarar og kommunen.
- På sundagar og heilagdagar skal det ikkje køyrast i tida frå kl 10 til kl 16.
- I etterkant av kvar sesong skal det sendast rapport over køyringa til verneområdeforvaltar.
- Statens naturoppsyn kan stogge køyring dersom omsynet til villrein krev det.

Søknad om å køyre skiløype inn til Longevasshytta vert avslått.

Framlegg frå Marius Dalin (endring er understreka):

Instedalen skianlegg AS får løyve til å køyre opp skiløype med snøskuter frå Vonavatnet og inn til Fosselvekråna. Løyvet gjeld frå 1. januar til og 20.mars i åra 2021 til 2024.

Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 første ledd.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet skal vere med under køyring.
- Løyvet gjeld for køyring inntil ein gong i veka.
- Søkjar er sjølv ansvarleg for naudsynte løyver frå grunneigarar og kommunen.
- På sundagar og heilagdagar skal det ikkje køyrast i tida frå kl 10 til kl 16.
- I etterkant av kvar sesong skal det sendast rapport over køyringa til verneområdeforvaltar.
- Statens naturoppsyn kan stogge køyring dersom omsynet til villrein krev det.

Søknad om å køyre skiløype inn til Longevasshytta vert avslått.

Røysting:

Framlegg frå styreleiar fekk 2 stemmer, framlegg frå Dalin fekk 1 stemme.

Saksutgreiing

Dokument i saka

- Søknad om løypekøyning frå Instedalen skianlegg AS
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde
- Naturmangfaldlova
- Forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal LVO
- Løyve til løypekøyning 2017-2020
- *Vedtak i klagesak om kjøring av skispor med snøskuter - Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde* – Klima- og miljødepartementet
- Innspel frå Sunnfjord kommune
- Innspel frå Indre Sunnfjord turlag
- Innspel frå Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Søknaden

Instedalen Skianlegg har sidan 2013 hatt løyve til å køyre skiløype med snøskuter frå Vonavatnet og inn til Fosselvekråna. Det siste løyvet dei hadde gjaldt for perioden 2017 til 2020, og dei søker no om å få det fornya for perioden 2021 til 2025. Dei søker og om å få utvida løyvet noko.

Instedalen skianlegg AS søker om å få køyre opp skiløype frå Vonavatnet til Fosselvekråna inntil ein gong kvar veke i perioden 1. januar til 20. april. Tidlegare har dei hatt løyve fram til 1. april. I tillegg søker dei om å få køyre løype heilt til Longevasshytta to gonger kvar sesong. Dei søker og om å få lov til å køyre løype på sundagar og heilagdagar, det har det ikkje vore opna for tidlegare.

Regelverk

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel til visse føremål, men løypekøyning er ikkje nemnd i verneforskrifta. Saka må derfor handsamast etter den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova (nml) § 48. tidlegare løyve har og vore heimla i den paragrafen.

§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Det er første alternativ (mi understreking) som er aktuelt å bruke her. Det er og det som har vore brukt i tidlegare handsaming av saka.

Søkjaren er sjølv ansvarleg for naudsynte løyver frå kommunen og grunneigarane.

Jamfør nml § 7 skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet vurderast opp mot nml §§ 8-12.

Vurdering

I saker som skal handsamast etter nml § 48 må ein først vurdere om vilkåra for å bruke paragrafen er oppfylt. Deretter må ein gjere ei fagleg og skjønsmessig vurdering kor vidt det er tilrådeleg å gje løyve. Her er det første punktet vurdert grundig tidlegare, og Klima- og miljødepartementet (KLD) har til og med stadfesta dei vurderingane. Vi viser derfor til tidlegare handsaming og konstaterer at ein kan gje løyve med heimel i nml § 48 her.

Løypekøyning frå Vonavatnet til Fosselvekråna i tråd med tidlegare løyve har og vorte handsama grundig tidlegare, og løyvet vart stadfesta av KLD. Eg går derfor ikkje inn i desse vurderingane på nytt, ut over å informere om at forvaltninga har god erfaring med korleis løyva har vore nytta i desse åra. Eg kan ganske enkelt tilrå å gje nytt løyve liknande det som dei har hatt tidlegare, men oppkøyning av skiløyper ved behov inntil ein gong kvar veke i perioden 1.januar til 1. april.

Vi må derimot ha ein grundig gjennomgang av dei punkta der Instedalen skianlegg AS ønskjer ei utviding av løyvet. Det gjeld både å utvide perioden til 20. april, å køyre løype heilt til Longevasshytta og ønskje om å få køyre løype på sundagar og heilagdaggar.

Skianlegget ynskjer å køyre opp skiløype lenger utover våren enn dei har gjort til no. Særleg aktuelt er dette i dei åra med sein påske. Det er i påska utferda i Vonaområdet er desidert størst. Ved snøfall i påsketider vil det vere behov for å køyre opp løypa då. Samstundes har vi som forvaltningspraksis at vi unngår skuterkøyning i leveområdet til villreinen etter 1.april. Og særleg i dei områda som er aktuelle kalvingsområde.

Sjølv om villrein ikkje er ein del av verneføremålet, so har vi likevel eit internasjonalt ansvar her i Noreg for å ta vare på den europeiske villreinen. Særleg er det viktig å ta vare på dei viktigaste funksjonsområda som kalvingsområde og trekkruiter. Villreinen i Førdefjella har ikkje brukt området rundt Vona særleg mykje siste åra. Men sørsida av dalen her har vore brukt til kalvingsområde tidlegare og det kan verte brukt igjen. Ferdsel i dalen her kan hindre reinen frå å trekke over dalen og ta desse områda i bruk. Samstundes er det nok slik at ferdselen av folk innover dalen vil truleg vere sopass stor at den vil hindre villreintrekk uansett, uavhengig om her er oppkøyrte løype etter 1. april eller ikkje. Her må styret gjere ei avveging om kva omsyn ein skal vektlegge tyngst av omsynet til villrein og omsynet til friluftsbukarar.

Skianlegget ynskjer opning for å kunne køyre løype heilt inn til Longevasshytta. Her må ein og vege omsyn til friluftsbukarar mot omsynet til villrein. I tillegg må styret vurdere kor vidt ein skal gje løyve til løypekøyring so langt inn i verneområdet. Løypa inn til Fosselvekråna er på om lag 4,5 km. Skal ein køyre heilt til Longevasshytta so er det ei strekning på yttarlegare om lag 8,3 km, og vi er komne heilt inn kjerna av verneområdet og det villmarksprega området.

I løyva som skianlegget har hatt til no har det ikkje vore lov å køyre opp løype på sundagar og heilagdagane. Det er eit veldig vanleg vilkår å legge til motorferdselløyve, for å unngå støy og uro på dei dagane kor det er mest utfart, og på dagar kor det normalt skal vere «heilagdagsfred». Samstundes er det nettopp sidan det er desse dagane kor det er mest utfart, at behovet for oppkøyrde løype er størst. Særleg i påskeveka med fleire heilagdagane på rad vil løype som er køyrt opp før påska fort snø igjen ved snøfall. Det er derfor lett å forstå dette ønsket. Ei løysing kan vere å opne for løypekøyring tidleg på dagen, før det meste av utferdane skjer.

Sunnfjord kommune peikar på at det er registrert fleire kalvingslokalitetar for villrein i dalføret, og at utviding av perioden venteleg vil gje auka uro for viltet i området, særleg villrein og rovfugl. Kommunen rår i frå auka aktivitet i nærleiken av kjende hekke- og kalvingslokalitetar og dei rår og i frå køyring innover mot Longevasshytta seinare enn månadsskiftet februar/mars. Sunnfjord kommune brukar sjølv å legge som vilkår at det ikkje skal køyrast i helgane av omsyn til friluftsliv, men sidan dette er eit tiltak for nettopp friluftslivet meiner dei det kan vurderast om fordelane er større enn ulempene ved å opne for løypekøyring i helgar.

Indre Sunnfjord turlag er positive til oppkøyring av skiløype inn til Longevasshytta. Det vil gjere området meir tilgjengeleg og gjere det lettare å få til organiserte aktivitetar. Dei peikar og på at oppkøyrde løyper vil gje auka tryggleik. Turlaget melder at behovet for oppkøyrde løyper er størst på seinvinteren fram til påske, men at det etter påske er særst lite behov.

Villreinnemnda rår i frå utviding av det eksisterande løyvet, både utviding av perioden utover i april og løypekøyring lenger innover i området. Villreinnemnda har heile tida vore kritisk til løypekøyringa i Vonamarkja, og det standpunktet står ved lag. Nemnda etterlyser dessutan ei grundigare evaluering av korleis løypekøyringa til no har påverka viltet.

Som sagt so er det tre punkt til vurdering her, utover fornying av det eksisterande løyvet. Gjeldande utviding av perioden frå 1. april til 20. april so vil det vere i konflikt med tidlegare praksis av omsyn til kalvingstida for reinen. Samstundes er det forståeleg at det er ønskje om oppkøynde løyper i påska, og i dei åra kor påska er i april. I området inn til Fosselvekråna er utferda i påska uansett sopass stor at oppkøyning av løype ikkje vil føre til særleg stor tilleggsbelastning for rein eller anna vilt. Dei komande fire åra fell 2.påskedag på 5., 18., 10 og 1. april. Eit kompromiss kan vere å gje løyve som gjeld til og med påska, sølv om dette særleg i 2022 vil kunne gje motorferdsel i området vesentleg seinare enn vi tidlegare har opna for.

Gjeldande løypekøyning inn til Longevasshytta so vil eg rå i frå å gje spesifikt løyve til det. Eg ser det ikkje som fagleg tilrådeleg å gje løyve til løypekøyning so langt inn i kjerna av landskapsvernområdet, kor det frå før er sær sars lite motorferdsel og tilrettelegging.

Gjeldande løyve til køyre løype i helgane so er dette sær forståeleg. Som Sunnfjord kommune peikar på so er vilkåret om å ikkje køyre i helgane der av omsyn til friluftslivet. Og løypekøyninga er jo eit tilbod for nettopp friluftslivet. Ei bør likevel freiste å redusere støy og uro so langt som det lar seg gjere. Løypekøyning i helgane bør derfor gjerast tidleg på dagen, før hovudtyngda av utferda tek til. Sjølve poenget med løypekøyninga er jo å ha ferdige løyper når folk skal bruke dei. Eit vilkår kan derfor vere at løypekøyning i helgane skal vere utført før kl 11.00.

Dette er ei sak og eit område som forvaltninga kjenner sær godt. Fleire av spørsmåla har vore handsama heilt opp på departementsnivå, og vi har hatt mange saker og tiltak i dette området. Kunnskapsgrunnlaget, jamfør nml § 8, er sær solid. Det som er usikkert her, er villreinen sin framtidige bruk av funksjonsområda sine. Her tilseier føre-var-prinsippet i nml § 9 at vi skal vere sær forsiktige med å utvide løyvet, både i tid og rom.

Instedalen er eit område kor det er ein del motorferdsel, med ulike føremål. Ferdsla er likevel godt regulert, og det er tatt grep for å effektivisere og redusere motorferdsla. Ei utviding av løyvet i tråd med innstillinga vil ikkje auke den samla belastninga nemneverdig (jamfør nml § 10). Ein må likevel tenke seg om og unngå vedtak som kan føre til uheldig presedens.

NML §§ 11 og 12 er ikkje aktuelle i saka.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	23/20	11.09.2020

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - kommunikasjonsplan

Vedtak ST 23/20

- Styret skal lage ein kommunikasjonsplan for verneområdet og den informasjonen man ønskjer å nå ut med.
- Kommunikasjonsplanen skal vere enkel, konkret og handlingsretta
- Verneområdeforvaltar førebur oppstart av planarbeidet som sak til neste styremøte.

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre bør vurdere å utarbeide ein kommunikasjonsplan.

I Naustdal-Gjengedal har vi viktige styringsdokument som forvaltningsplan og besøksstrategi på plass. Som ein del av besøksstrategien vert det tilrådd å utarbeide ein kommunikasjonsplan. Føremålet med den er å ha ein konkret plan for korleis man skal kommunisere ut den rette informasjonen om verneområdet og om moglegheitene der til rette målgruppene.

Kommunikasjonsplan står omtala i *Veileder for besøksforvaltning i norske verneområder M-415*, som Miljødirektoratet har gjeve ut:

Kommunikasjonsplan

Kommunikasjonsplanen skal understøtte besøksstrategiens målsettinger og strategiske valg, og skal utvikles og gjennomføres som et tiltak i besøksstrategien. En kommunikasjon som løfter fram og tilgjengeliggjør noen områder med sine kvaliteter og opplevelser, samtidig som den tar oppmerksomhet bort fra sårbare områder, er å legge til rette for og styre bruken av et verneområde på en måte som oppleves positivt av mottakeren. Dette vil være en formidling i tråd med merkestrategiens budskap «Velkommen inn», enten målet er å øke antall besøkende i et område eller redusere antall besøkende i et annet. Et eksempel er å løfte fram opplevelser i nasjonalparkens nærliggende seterdaler, og samtidig dempe kommunikasjonen av aktivitet som kan forstyrre en sårbar villreinstamme og dens leveområder inne i nasjonalparken.

Kommunikasjonsplanen skal bidra til å nå målsettinger om økt verdiskaping og økt bruk, men skal samtidig bidra til å sikre verneverdiene. Den er derfor et strategisk forvaltningsverktøy og må ikke oppfattes som en ren markedsføringsplan selv om den også kan inneholde markedskommunikasjon.

Prosess for å utarbeide kommunikasjonsplan

Kommunikasjonen av et verneområde skjer ofte i regi av mange aktører på ulike geografiske nivåer. Skal en forvaltningsmyndighet bruke kommunikasjon som et strategisk verktøy er det viktig at flest mulig av disse aktørene formidler kommunikasjonsplanens budskap. Involvering av de mest sentrale aktørene i arbeidet med utforming av kommunikasjonsplanen er derfor en forutsetning; -både for å sikre et omforent budskap og for å fordele kommunikasjonsansvar når planen skal gjennomføres. I tilfeller der nasjonalparker har tilhørende besøksenter, og/eller nasjonalparklandsbyer må en felles kommunikasjonsplan utarbeides, gjerne også i tett samarbeid med landsdelselskap, eller regionalt destinasjonsselskap og/eller med eventuelt sentrale reiselivsaktører. Hvordan involvering og organisering av arbeidet gjennomføres best mulig i praksis, vil variere fra område til område.

Mal for kommunikasjonsplan

- 1. Bakgrunn*
- 2. Mål*
- 3. Målgrupper*
- 4. Budskap*
- 5. Kanaler*
- 6. Ansvars- og oppgavefordeling*
- 7. Tiltaksliste*

Det å utarbeide ein kommunikasjonsplan er det naturlege «neste steg» når vi no har både forvaltningsplan og ein fungerande og aktiv besøksstrategi. Utarbeiding av kommunikasjonsplan vil skje parallelt med dei tiltaka som står i tiltaksplanen til besøkstrategien.

ST 24/20 Eventuelt

Vedtak ST 24/20 Eventuelt

- Møte i Rådgjevande utval vert lagt til 20.nov i tilknytning til styremøte 4/2020.